

2015

# Handbok for arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagen. Tysnes kommune



Lena Epland Sløgedal

Tysnes Kommune

01.01.2015

## Innhald

1. Innleiing .....	2
Barnehagelova.....	2
2. Lov Lowerk.....	3
2.1 Lov om barnehager med forskrifter .....	3
2.2 Aktuelle styringsdokument .....	3
3. Mangfald som ressurs .....	4
4. Definisjonar .....	5
5. Barn si språkutvikling .....	5
5.1 Språkstimulering i barnehagen .....	5
5.2 Identitet, språk og kultur.....	6
5.3 Morsmålet og utvikling av andrespråket.....	6
5.4 Tidsperspektiv ved utvikling av andrespråket.....	6
5.5 Kodeveksling.....	7
5.6 Ordforråd og utvikling av omgrep.....	7
6. Prosedyrar .....	8
6.1 Den første samtalen med barnehagen.....	8
6.2 Samarbeid med foreldre .....	8
6.3 Bruk av tolk.....	9
6.4 Synleggjering av språkleg og kulturelt mangfald.....	9
6.5 Ansvar og oppgåver for personalet.....	10
7. Kvalitetssikring .....	10
7.1 Tverrfagleg samarbeid.....	10
7.2 Kartlegging av språkutviklinga.....	11
7.3 Tilskotsordningar .....	11
7.4 Materiell og lenker .....	12
Den første samtalen med føresette .....	14

## 1. Innleiing

Handboka er retta mot tilsette i barnehagar i Tysnes kommune, men kan også vera nyttig for andre instansar i kommunen som arbeider med barn med minoritetsbakgrunn.

### Barnehagelova

#### §1 Formål, 1. ledd, står det:

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.”*

Tett og nært samarbeid med barna sine foreldre er viktig. Foreldra skal alltid samtykke, skriftleg eller munnleg, vedrørende informasjon om barnet/barna deira til personar utanfor barnehagen.

Mål med handboka:

- Kvalitetssikra tiltak til barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i samsvar med rettane deira i barnehage og skule
- Laga handlingsplan der tiltaka vert omtalt
- Utarbeida prosedyrar som sikrar kvalitet i tilbodet for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn

Handboka er eit hjelpemiddel for barnehagane sitt arbeid med minoritetsspråklege barn.

Handboka er bindande for kommunalt tilsette som utfører arbeid etter Lov om barnehagar med forskrifter.



## 2. Lovverk

### 2.1 Lov om barnehager med forskrifter

#### §2 Barnehagens innhold

*”Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.*

*Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.*

*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*

*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.*

*Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.”*

#### Forskrift til lova: Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen

*”Barn i opplæringspliktig alder er ikkje ei einsarta gruppe, og barna møter barnehagen med ulike føresetnader. Likeverdige barnehagetilbod av god kvalitet krev derfor individuell tilrettelegging av tilbodet og lokal tilpassing av innholdet. s 18*

*Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Nokre barn har sein språkutvikling eller andre språkproblem. Dei må få tidleg og god hjelp.*

*Felles opplevingar og aktivitetar gir eit unikt høve til kommunikasjon mellom barn. I samhandling mellom barn er det viktig å bli forstått. Barn bruker ofte ein meir fantasifull og kreativ kommunikasjon seg imellom enn saman med vaksne. Ei veksling mellom bruk av kropp, rørsle og ord er ei støtte for talespråkutviklinga. I leiken bruker barna ofte variert og komplisert tale.*

*Mange barn har eit anna morsmål enn norsk og lærer norsk som andrespråk i barnehagen. Det er viktig at barna blir forstått og får høve til å uttrykkje seg. Barnehagen må støtte at barna bruker morsmålet sitt og samtidig arbeide aktivt med å fremje den norskspråklege kompetansen til barna.” s.29*

### 2.2 Aktuelle styringsdokument

- Temahefte ” om språkleg og kulturelt mangfald”
- Stortingsmelding 23 (2007-2008) «Språk bygger broer – Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og vaksne»
- Stortingsmelding 41 (2008-2009) «Kvalitet i barnehagen»
- Veileder frå UDIR (2013): «Språk i barnehagen» mykje meir enn bare prat

### 3. Mangfald som ressurs

Barnehagen har ei viktig rolle som møteplass mellom menneske med ulik språkleg, religiøs og kulturell bakgrunn. For mange familiar med minoritetsbakgrunn er barnehage den viktigaste arenaen for integrering i det norske samfunnet. Det språklege og kulturelle mangfaldet utgjer samtidig ein ressurs for barnehagen. Fleirkulturell kompetanse vert mellom anna framheva som eit viktig innsatsområde i Rammeplan for barnehagen.

Det er viktig at barnehagen formidlar verdiar slik at barn utviklar sosial og kulturell kompetanse. Dette er med å sikra eit inkluderande fellesskap der mangfald vert anerkjent og respektert.

Fleirkulturell kompetanse er ein viktig kompetanse for alle barn – ikkje berre for barn med minoritetsbakgrunn som skal læra å forholde mellom to språk og kulturar. Også majoritetsspråklege (her etnisk norske) barn vil profittera på å vera i ein fleirkulturell barnehage. Dei får der verdifull kompetanse i form av forståing og respekt for mangfald.

Personalet sine haldningar er ein viktig faktor for at minoritetsspråklege barna skal lukkast i norske barnehagar. Forsking viser at det er viktig å ha ambisjonar på vegne av barnet. Refleksjon i personalgruppa rundt det å vera ein fleirkulturell barnehage, kan vera fruktbart for å fremja gode haldningar.

Barnehagen må løfta fram foreldra sin kompetanse i kraft av å vera foreldre, og barnehagen må få tilgang til foreldra sin kunnskap om barnet.

Foreldra skal oppleve barnehagen som ein trygg arena. Det er difor viktig at personalet i barnehagen kjenner barnet sine foreldre og har ein tillitsfull relasjon til dei.

#### Korleis skapa tillit

- God kommunikasjon! Gje foreldra høve til å forstå og bli forstått, og dermed høve til reell medverknad.
- Gode rutinar for å ta imot (kartlegging, oppfølging med meir ).
- Ta foreldra på alvor, få tak i deira perspektiv, oppleving, forståing av barnehagen og spør dei om barna deira.
- Etterstrev dialog med foreldra, ikkje monolog. God dialog handlar om å gje rom for skilnader, som ulike syn på oppseding av barn.
- Gjer det kulturelle mangfaldet i barnehagen synleg. Det er med å skapa tillit.

I møte med minoritetsspråklege foreldre må ein leggja til grunn ei kulturell relativistisk haldning. Det betyr å sjå verda med den andre sine auger. Dette betyr ikkje at ein er samd, men at ein gjev rom for og respekterer at ein har ulike meiningar.

Det er viktig å hugsa at minoritetsspråklege foreldre er like ulike som majoritetsspråklege. Ein skal møte barn og foreldre som individ, ikkje som representantar for ein kultur. Alle foreldre, uansett språkleg og kulturell bakgrunn, har til felles at dei vil barnet sitt det beste. Dette må vera barnehagen sitt utgangspunkt i møte med andre kulturar.

**NB: Det er menneske som møter kvarandre, ikkje kulturar.**

## 4. Definisjonar

### Minoritetsspråkleg

Omgrepet vert brukt om barn som har to foreldre med anna morsmål enn norsk.

Barn med foreldre der den eine har anna morsmål enn norsk, er aukande. Men desse barna vert ikkje rekna som minoritetsspråklege. Det vert heller ikkje barn med svenskitalande - , danskitalande - og engelskitalande foreldre.

### Morsmål

Det første språket barnet lærer, er som regel det språket barnet si mor har som sitt 1. språk. Barn som veks opp med to språk i familien har to morsmål (simultan tospråklegheit ). Morsmålet er ikkje alltid det språket barnet kan best. Mange barn kan etter kvart andrespråket betre enn morsmålet. Dette er avhengig av språkstimulering og eksponering på dei ulike språka.

### Andrespråket

Barnet sitt språk nummer 2, lærer barnet gjennom dagleg kontakt med dette språket. For barn med anna morsmål enn norsk som bur i Noreg, vil 2. språket vera norsk.

## 5. Barn si språkutvikling

### 5.1 Språkstimulering i barnehagen

Vilkår for å læra språk nummer to (her norsk)

- Deltaking i norskspråkleg miljø. Barnet høyrer og brukar norsk talespråk dagleg
- Tilpassa tilbod i eit trygt og stimulerande miljø.
- Nært samarbeid med foreldra

Ei viktig føresetnad for at barn lærer språk er at dei opplever eit trygt og stimulerande miljø i barnehagen. Å læra handlar om å oppleva meistring. Det er difor viktig at det vert tilrettelagt for meistring, at barnehagen sine opplegg er tilpassa det enkelte barn si utvikling. Barn som ikkje/i liten grad kan norsk og som ikkje møter morsmålet sitt i barnehagen, har særleg behov for at personalet tilrettelegg for meistring. Døme: Leik og aktivitetar som får fram barnet sine ressursar.

For barn som lærer norsk som andrespråk, er det viktig at personalet er klar over at dei lærer ulikt. Nokre barn kastar seg ut i det nye språket med ein gong og lærer det med prøving og feiling. Andre barn seier lite på det nye språket og kan gå inn i ein taus periode. Desse barna lyttar seg inn i andrespråket, og kan ha eit stort passivt ordforråd sjølv om dei ikkje seier så mykje på det nye språket.

Dei treng likevel å få visa at dei forstår. Barnehagen kan til dømes ha aktivitetar der barna viser med handling at dei forstår (Kan du gje meg dokka? Kan du leggja den raude ballen oppi korga? ). Desse aktivitetane bør implementerast i daglege situasjonar og brukast i formelle lærings situasjonar som samlingsstund.

## 5.2 Identitet, språk og kultur

Sosiale, etniske, kulturelle, religiøse, språklege og økonomiske skilnader i befolkninga fører til at barn kjem til barnehagen med ulike erfaringar.

Barnehagen skal bidra med å gje barnet eit godt sjølvbilete, mellom anna gjennom fokus på det barnet kan. Personalet må ha fokus på det barnet kan og har interesse for. Det må synleggjera barnet, det barnet kan og som dei andre barna ikkje kan. Døme på dette kan vera barnet sitt morsmål.

Personalet i barnehagen må gje morsmålet ein verdi i seg sjølv, slik at det ikkje berre vert eit middel for å læra norsk. Morsmålet er knytt til identitet, og til barnet sine kjensler og sosiale utvikling. Det er også svært viktig for foreldre-barn relasjonen.

Språk er:

- Den viktigaste reiskapen me har for å formidla/tileigna oss kunnskap om verda
- Ein viktig del av identiteten

## 5.3 Morsmålet og utvikling av andrespråket

Barn lærer seg nytt språk slik ein tileignar seg all ny kunnskap - ein byggjer på det ein kan frå før (Sunil Loona 2001).

Innan forskning om tospråklegheit er det brei semje om at barn med eit godt utvikla morsmål har betre vilkår for å læra språk nummer to. Stimulering av morsmålet er difor eit viktig vilkår for å læra norsk.

Mange foreldre med minoritetsbakgrunn er usikre på kva som er best for barnet deira i høve læring av språk nummer to. Nokre foreldre vel å snakka norsk med barnet heime, og ynskjer at barnet berre skal snakka norsk i barnehagen. Dette kan få svært uheldige konsekvensar for barnet si språkutvikling.

Det at barn utviklar eit godt fundament i morsmålet, gjer at dei lettare lærer språk nummer to. Det er viktig at foreldra snakkar det språket dei kan best med barnet sitt – altså (som regel) morsmålet.

Barnet sitt første- og andrespråk utfyller kvarandre. Det at barna snakkar morsmålet heime (og eventuelt i barnehagen) er ikkje til hinder for utvikling av andrespråket. Eit mangelfullt morsmål kan forseinka barnet si generelle læring (jamfør rettleiaren "Barn i flerspråklige familier").

Barnehage, skule, PPT og helsestasjon har ei viktig rolle når det gjeld rettleiing av foreldra om tospråklegheit og læring av språk nummer to. Foreldra må få kunnskap om kor viktig det er at dei stimulerer barnet sitt morsmål.

## 5.4 Tidsperspektiv ved utvikling av andrespråket

1. Kvardagsspråk/overflatespråk (situasjonsavhengig språk) lærer ein relativt raskt. I løpet av eit par år lærer barn eit enkelt, uformelt kvardagsspråk, knytt til aktivitetar som føregår her og no. Når det vert sagt at barn lærer språk raskt, er det denne språkkompetansen det vert snakka om.

2. Abstrakt språk (situasjonsuavhengig språk) tek det 5-7 år å læra. Dette er det språket barna møter i skulen, og som dei må meistra for å ha utbytte av undervisinga.

3. Det tek difor tid å verta god nok i norsk til å forstå undervisinga og bruka det norske språket som reiskap for å tileigna seg kunnskap. Sjølv om barn brukar få år på å læra seg å snakka flytande norsk, med god uttale og god ordstilling, tek det 6 – 8 år før norsk fungerer godt nok som reiskap for læring.

Dersom morsmålet er svært ulikt norsk talespråk, må ein rekna med at det tek lenger tid å læra norsk.

Forsking har kome fram til at barn meistarar visse aspekt ved andrespråket, slik som språket sitt lyd-system og grammatikk, relativt lett når dei får høyra og bruka språket. Men andre aspekt ved språket, som ordforråd, det å forstå orda si meining, og bruke dei i rett samanheng, vert ikkje lært berre ved å verta eksponert for språket.

## 5.5 Kodeveksling

Det er vanleg for tospråklege barn å veksla mellom morsmål og språk nummer to. Til dømes bruka både spanske og norske ord i same setning. Slik kodeveksling er ein naturleg kommunikativ strategi, og ikkje teikn på språkforvirring eller språkleg svakheit. Tvert imot viser det at barnet er ein svært kompetent språkbrukar, og at det er i stand til å nytta den totale språkkompetansen sin.

## 5.6 Ordforråd og utvikling av omgrep

Ordforrådet er den viktigaste faktoren for utvikling av andrespråket. Ein skal utvikla både eit kvalitativt og kvantitativt ordforråd.

Kvalitativt: Utvikling av eit ordforråd er ikkje berre å læra seg å sei orda. Barn må læra kva orda betyr, og kva dei står for. Jamfør vegleiaren til "Snakkepakken". Ord vert forstått i ein kontekst, og kan vera vanskelege å hugsa og forstå dersom dei ikkje har meining for barnet.

For å meistra dagleglivet som 6-åring bør ordforrådet vera på om lag 6000 ord. I skulekvardagen bør ordforrådet til 6-åringen vera på 8 000 – 10.000 ord.

Mykje fokus på barna sin uttale kan vera uheldig for barnet si oppleving av språkleg meistring. Det viktigaste er at barna utviklar eit rikt ordforråd på andrespråket. Barnet kan gjerne omgrepa på morsmålet sitt, men manglar det norske ordet for det. Når barnet forstår omgrepa på morsmålet, er det lettare å læra orda på norsk. Nye ord vert lettare å læra i samspel med barnet sitt morsmål, gjerne saman med ein tospråkleg assistent.

Barn lærer språklydar og uttale i situasjonar i kvardagen, og i aktiv språkbruk i samspel med andre barn og vaksne. Skal ein øva på språklydar kan dette verta gjort i dialog og samtale eller gjennom bruk av song, rim og regler. For at barn skal læra nye ord på norsk, er det viktig at dei opplever meningsfulle dialogar som utvider ordforrådet. Utvikling av ordforråd er avhengig av samhandling og deltaking i norskspråkleg miljø.



## 6. Prosedyrar

### 6.1 Den første samtalen med barnehagen

Det er barnehagen som har ansvaret for å sikra god kommunikasjon med foreldra. Her er den første samtalen viktig. Barnehagen må sikra at dei minoritetsspråklege foreldra forstår/får informasjon på lik linje med andre.

Pedagogisk leiar i barnehagen har som regel ansvar for den første samtalen med foreldra, gjerne i tett samarbeid med styrar. Samtalen bør gjennomførast før barnet byrjar i barnehagen.

Pedagogen sender ut innkalling på både engelsk, norsk og eventuelt morsmålet til foreldra. Barnehagen brukar telefontolk under samtalen.

Til den første samtalen skal barnehagen nytta skjemaet *Den første samtalen med føresette*. Skjemaet ligg som vedlegg.

#### Den første samtalen:

- Barnehagen informerer foreldra om barnehagen..
- Foreldra informerer barnehagen om barnet og familien.
- Barnehagen og foreldra avklarar forventningar vedrørande samarbeidet.

### 6.2 Samarbeid med foreldre

Godt samarbeid med barna sine foreldre er viktig for barn si læring. Barnehagen skal leggja til rette for eit godt samarbeid med alle foreldre. Forsking viser at foreldra sitt engasjement er ein svært viktig faktor for barn si læring. Foreldra er ofte ikkje klar over kor viktig rolle dei har her.

Å vera foreldre i eit nytt land og i ein ny kultur kan vera vanskeleg. Det er viktig at barnehagen og helsestasjonen hjelper foreldra med å gjera dei trygge og styrka kompetansen deira på dette området.

Barnehage og helsestasjon informerer foreldra om utvikling av språk nummer to, og om kor viktig det er at dei brukar morsmålet sitt saman med barna.

NB: Viktig at barna brukar både norsk og morsmål ved utvikling av andrespråket.

#### Korleis foreldra kan støtte barna si læring:

- Ta barna med på biblioteket
- Høyre på lydbøker
- Sjå norsk barne-tv saman

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) har laga ei brosjyre til foreldra i barnehage. Ho tek opp kor viktig det er med engasjerte foreldre, og seier noko om korleis foreldre kan støtte barna si læring. Brosjyren er omsett til 9 språk.

#### Foreldremedverknad

Det står i rammeplan for barnehagen at foreldre med minoritetsbakgrunn skal ha reelt høve til deltaking og påverknad både i det formelle og uformelle samarbeidet med barnehagen. Desse foreldra kjem kanskje ikkje på foreldremøte og liknande fordi dei ikkje kan norsk.

Barnehagen har ansvar for å sikra god kommunikasjon med alle foreldre, men kan lett verta opplevd som utilgjengeleg for mange minoritetsspråklege foreldre. Dette fordi foreldra ikkje får informasjon som dei forstår. Barnehagen må difor syta for at minoritetsspråklege foreldre får – og forstår – informasjon på lik linje med andre foreldre.

Tips:

- Brev til foreldra på morsmål eller engelsk
- Brev på norsk:
  - Skriv kort og med enkle ord
  - Unngå forkorting
  - Bruk eventuelt teikningar/bilete
- Alternative måtar å formidla informasjon på, som munnleg eller praktisk
- Sørg for tolk ved behov

### 6.3 Bruk av tolk

- Ein bestiller tolk hos **HERO TOLK** tlf.: 02541
- [www.herotolk.no](http://www.herotolk.no)
- [tolk@hero.no](mailto:tolk@hero.no)
- Tenesta er gratis for alle barnehagane på Tysnes så lenge det gjeld flyktningebarn. Dersom det er andre barn må ein betale vanlege takstar som ein finn på Hero-tolk
- NB: Bestill tolk med rett språk/dialekt!
- Dersom foreldra ikkje ynskjer tolk, men barnehagen vurderer det som nødvendig, kan ein forklare at ein ynskjer tolk for eigen del.
- Tolken skal være nøytral og kun formidla det som vert sagt.
- Tolken har teiingsplikt. Dette må det verta informert om før samtalen byrjar.

God bruk av tolk

- Presenter tolken i starten av møtet.
- Forklar tolken si rolle og at han/ho har teiingsplikt.
- Sjå på og snakk til samtalepartane, ikkje til tolken.
- Strukturert samtalen og tenk over kva du vil sei og korleis du vil formulera deg.
- Bruk korte men fullstendige setningar. Ikkje stopp midt i ei setning. Det kan gjera det vanskeleg for tolken ( - mange språk har anna sturuktur på setningane)
- Ta pausar – gje tolken tid til å oversetja. Ein kort setning på norsk er ikkje alltid ein kort setning på eit anna språk. Det kan til dømes vera eit omgrep på norsk som ikkje er på det aktuelle språket, og som må forklarast.
- Skal skriftleg informasjon verta oversett munnleg, les det opp og la tolken oversetje.

### 6.4 Synleggjering av språkleg og kulturelt mangfald

Barnehagen skal visualisera og implementera det fleirkulturelle perspektivet i kvardagen, slik at barna opplever identifisering og gjenkjenning av landet dei har røter frå og landet dei veks opp i. Dette er viktig for utvikling av eit godt sjølvbilete.

Døme på korleis gjera mangfald synleg:

- Bøker på barna sitt morsmål i barnehagen. Gjerne nokon som er dei same som me har på norsk.

- Flagg, kart, globus, fokusord/mykje brukte ord på barna sitt morsmål på vegger, golv og tak rundt om i barnehagen.
- "Velkommen" og "Gratulerer med dagen" på barna sitt morsmål.
- Rim, regler, eventyr, song, musikk, dans, mat, med meir frå språk / kulturbakgrunn som er representert i barnegruppa. Dette kan også vera starten på eit godt foreldresamarbeid.
- Læra barna i barnehagen om landa dei har røtene sine frå og om religionane deira.
- Hengja opp morsmåla sine alfabet på veggane.

## 6.5 Ansvar og oppgåver for personalet

### Styrar

- Ansvar for at barnehagen har rutinar/følgja bestemte rutinar når ein får/har minoritetsspråklege barn i barnehagen.
- Opplæring av tilsette i rutinar for arbeid med minoritetsspråklege barn.
- Ansvar for å tinga tolk.
- Ansvar for å omsetja dokument/skjema til engelsk og eventuelt andre språk.

### Pedagogisk leiar

- Ansvar for innkalling til den første samtalen med foreldra og delta på samtalen
- Ansvar for å følgja barnehagen sine rutinar i høve minoritetsspråklege barn.  
Døme: Kartlegging av barnet sitt språk på morsmål og norsk
- Ansvar for utarbeiding av tilrettelagde aktivitetar som sikrar alle barn si språkutvikling  
Døme: Snakkepakken, språksprell, språkkista, nettbrett og språkgrupper.
- Ansvar for utarbeiding av aktivitetar der alle barn får høve til å bidra med erfaringar, ferdigheiter og kunnskap.

### Personalet

- Ansvar for å følgja opp planlagde aktivitetar/oppgåver som pedagogen har laga.

## 7.Kvalitetssikring

### 7.1 Tverrfagleg samarbeid

#### PPT

Ppt skal vere eit rettleiande organ i høve skuleførebuing, språkstimulering/pedagogiske tiltak og kartlegging. Barn som slit med språket har på lik linje med andre barn, rett på ei vurdering av Ppt.

#### NAV

Flyktningkonsulenten ved NAV kommune er ein viktig samarbeidspart for barnehagen, for barn til flyktningar som nyleg har kome til landet på familiegjenforeining eller som nyleg har fått opphald. Den kan vere behjelpelig med informasjon om barnet og familien.

#### Helsestasjonen

Helsestasjonen har ei viktig rolle når det gjelder å fanga opp barn med anna språkbakgrunn enn norsk som ikkje går i barnehage. Helsestasjon og barnehage bør i enkelte høve samarbeida når det gjeld rettleiing av foreldre og kartlegging av barn si språkutvikling. Foreldra skal alltid samtykka i dette først.

## 7.2 Kartlegging av språkutviklinga

### Kvifor kartlegga

Minoritetsspråklege barn er ikkje ei heterogen gruppe. Nokre er fødd i Noreg, medan andre flyttar til landet. Nokre snakkar flytande norsk, medan andre kan lite eller ikkje norsk når dei begynner på skulen.

Dersom ein observerer ein minoritetsspråkleg 5-åring sine ferdigheiter i norsk, kan språknivået vera som hjå ein 3-åring med norsk som morsmål. Dette gjev ikkje eit rett bilete av barnet sine ressursar og kompetanse. Det er viktig at 5-åringen får opplevingar og utfordringar som er tilpassa interesser og kognitive utvikling (-aldersadekvat tilrettelegging). I motsett fall vil barnet si kognitive utvikling verta påverka negativt.

### Korleis kartleggja

Observasjonsskjemaet "Alle med" dekkjer barnet sine seks utviklingsområde: Språkutvikling, leik, sosial og emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling.

Observasjonsmaterialet er ein sirkel der felt for meistring hjå barnet vert fylt ut.

TRAS-skjemaet vert brukt for å kartleggja språkutviklinga til barn i frå 2 – 5 år. Det er også andre kartleggingsverktøy og metodar som ein kan bruka som supplement til TRAS for å få eit breiare utgangspunkt for å arbeide med det enkelte barn si språkutvikling.

### Kva skal kartleggjast

Barnet si generelle språkutvikling skal kartleggjast. Når ein veit noko om barnet sin språklege kompetanse, får ein informasjon om kva barnet meistrar og ikkje meistrar.

### Kven skal kartleggja

Pedagogisk leiar har ansvar for den heilskaplege kartlegginga av språkutviklinga til minoritetsspråklege barn på si gruppe.

### Kva skal ein bruka kartlegginga til

Barnehagen skal bruka kartlegginga av barna si språkutvikling til vidare stimulering av det enkelte barn si språkutvikling og av det generelle språkmiljøet i barnehagen.

## 7.3 Tilskotsordningar

Tilskot til tiltak for å betra språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Tilskotet frå staten skal medverka til at kommunane kan utforma tiltak for å betra språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Tilskotet gjeld både for minoritetsspråklege barn som går i barnehage og som ikkje går i barnehage.

Tilskotet skal også stimulera kommunane til å rekruttera fleire minoritetsspråklege barn til barnehagen. Tilskotet går mellom anna til å finansiera tospråklege assistentar i barnehagen og kompetanseutvikling for dei tilsette innanfor fleirkulturell praksis og tospråkleg utvikling hjå barna.

Tilskotet vert delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage. Målet er at minoritetsspråklege barn i førskulealder skal få betre språkforståing.

Barnehagane i kommunen får høve til å søkja om tilskot til tiltak for minoritetsspråklege barn.

Barnehagane sender søknadane til kommunen som fattar vedtak innan 1. oktober kvart barnehageår.

Vedtaket kan påklagast inntil tre veker etter at mottakar har fått vedtaket, jamfør forvaltingslova §28, andre ledd. Klaga skal sendast utviklingsgruppa. Endeleg klageinstans er den særskilde klagenemnda i kommunen. Barnehagetilskot frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) Ved busetjing av barn i barnehagealder (0–5år) får kommunane eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne flyktningar, som til dømes utgifter til tospråklege assistentar. Satsen for 2014 er på 23 400 kroner. Tilskotet er øyremerka det enkelte barnet, og vert overført frå kommunen til barnehagen barnet går i.

## 7.4 Materiell og lenkjer

- Strategiplan: Likeverdig opplæring i praksis 2007-2009 (rev.utg.), Kunnskapsdepartementet Strategi for bedre læring og større deltakelse av språklige minoriteter i barnehage, skole og utdanning <http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/kd/rapporter-og-planer/Planer/2007/likeverdig-opplaring-i-praksis.html?id=450598>
- St.mld. nr.16 (2006-2007) ...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2006-2007/stmeld-nr-16-2006-2007-.html?id=441395>
- St.mld. nr.23 (2007-2008) Språk bygger broer <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2007-2008/stmeld-nr-23-2007-2008-.html?id=512449>
- Temahefte om språklig og kulturelt mangfold [http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kd/red/2006/0107/ddd/pdfv/290160temahefte\\_om\\_spraklig\\_og\\_kulturelt\\_mangfold.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kd/red/2006/0107/ddd/pdfv/290160temahefte_om_spraklig_og_kulturelt_mangfold.pdf)
- Temahefte: om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen: [http://www.udir.no/Upload/barnehage/Pedagogikk/Temahefter/Temahefte%20om\\_sprak\\_milj%c3%b8\\_og\\_sprakstimulering\\_i\\_barnehagen\\_Nynorsk\\_web.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/Upload/barnehage/Pedagogikk/Temahefter/Temahefte%20om_sprak_milj%c3%b8_og_sprakstimulering_i_barnehagen_Nynorsk_web.pdf?epslanguage=no)
- Veilederen: Språk i barnehagen – mykje meir enn berre prat <http://www.udir.no/PageFiles/67036/SprakveilederNN.pdf?epslanguage=no>
- Veilederen "Barn i flerspråklige familier". [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Brosjyrer/Barn\\_i\\_flerspraklige\\_familier.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Brosjyrer/Barn_i_flerspraklige_familier.pdf)  
Veilederen svarer på noen spørsmål som foreldre ofte stiller om barnas to-eller flerspråklige utvikling.
- Veilederen: "Hør på maken" – om tospråklig assistanse i barnehagen: [http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bfd/bro/2004/0010/ddd/pdfv/223269horpa\\_maken.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bfd/bro/2004/0010/ddd/pdfv/223269horpa_maken.pdf)
- Veileder for arbeid med minoritetsspråklige barn i barnehage og skole <http://www.imdi.no/upload/ViogDe.pdf>
- Statstilskudd på barnehageområdet Kap 4 - Tilskudd til tiltak for å bedre språkforståelsen blant minoritetsspråklige barn i førskolealder [http://www.regjeringen.no/upload/KD/Rundskriv/2011/Rundskriv\\_F\\_01\\_11\\_Statstilskudd\\_barnehageomraadet\\_2011.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Rundskriv/2011/Rundskriv_F_01_11_Statstilskudd_barnehageomraadet_2011.pdf)
- Rundskriv 1/11 Integreringstilskudd for år 1 og år 2-5 <http://www.imdi.no/Documents/Rundskriv/2011/10-01693-1%20Integreringstilskudd%202011.pdf>
- NOU 2011: 10 - I velferdsstatens venterom, 26.3.2 barn under opplæringspliktig alder <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/nouer/2011/nou-2011-10.html?id=645250>

- "Alle med" - kartleggingsverktøy <http://saf.uis.no/nyheter/article1107-667.htm>
- Litteratur: Lær meg norsk før skolestart <http://www.laermegnorskfoerskolestart.no/>
- "Språkpermen" Kartleggingsverktøy for ettspråklige og tospråklige barn, med vekt på språkmiljøet og en funksjonelt orientert kartlegging av språkferdigheter. <http://www.cappelenakademisk.no/caf/product-detail.action?id=150244>
- Prosjekt "Ord som gror", Lørenskog <http://www.hioa.no/Om-HiOA/NAFO/Eksempelsamling/Eksempelsamling-Barnehage/Ord-som-gror>
- Snakkepakken er en basispakke med språkstimulerende materiell, som kan styrke barns språk og begrepslæring. Snakkepakken med veiledningshefte er et pedagogisk verktøy for barnehagen og småskolen: <http://www.snakkepakken.no/forside.asp>
- NAFO -Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring <http://www.hio.no/nafo>
- Landinfo. Her finner du faktaopplysninger om de fleste land i verden. <http://www.landinfo.no/>
- DVD Solsletta barnehage. En barnehage i Norge. En informasjonsfilm om norsk barnehage (på norsk, arabisk, kurdisk, persisk, russisk og somali). Kan bestilles fra IMDI (bestilling@imdi.no) el. [solsletta@vennesla.kommune.no](mailto:solsletta@vennesla.kommune.no)
- Med språket som døråpner. En informasjonsfilm om minoritetsspråklige barn og språkstimulering i barnehagen. Sørlandet kompetansesenter. Kan bestilles fra: [sorlandet@statped.no](mailto:sorlandet@statped.no)
- Ullensvang herad sitt prosjekt om fleirkulturelle barnehagar [http://www.ullensvang.herad.no/index.php?option=com\\_content&view=article&id=85:fleirkulturelle-barnehagar&catid=6&Itemid=177](http://www.ullensvang.herad.no/index.php?option=com_content&view=article&id=85:fleirkulturelle-barnehagar&catid=6&Itemid=177)
- Det flerspråklige bibliotek, Deichman <http://www.dfb.deichman.no/>
- FUB (Foreldreutvalget for barnehage) <http://www.fub.no/>
- Tospråklige lydbøker: norske folkeeventyr på 10 forskjellige minoritetsspråk. <http://www.familieforlaget.no/Produkter/Tospraaklige-lydboeker>

## Den første samtalen med føresette

Gjeld: Førsette til barn med anna morsmål enn norsk  
NB: Bruk tolk ved behov!

### Mål

*Sikra samarbeid med heimen for å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehagelova §1 Formål, 1. ledd)*

### Basisopplysingar om barnet

Etternamn: ..... Fødselsdato: .....  
Førenamn: ..... Fødeland: .....  
Jente: ..... Gut: ..... Morsmål: .....  
Adresse: ..... Statsborgarskap: .....  
Postnr: ..... Poststad: .....  
Telefonnummer: .....  
Eventuelt ankomstdato til Noreg: .....

### Familie

**Mor:** ..... Morsmål: .....  
Yrke frå heimlandet: .....  
Arbeidsstad/skule i Noreg: .....  
Telefonnummer: .....  
**Far:** ..... Morsmål: .....  
Yrke frå heimlandet: .....  
Arbeidsstad/skule i Noreg: .....  
Telefonnummer: .....

### Søsken:

..... fødd dato: .....  
..... fødd dato: .....  
..... fødd dato: .....

**Barnet sitt språk ( foreldra si vurdering )**

1.språk (morsmål): .....

FLYTANDE	GODT	LITT	INGENTING
Kommentar:			

2.språk:.....

FLYTANDE	GODT	LITT	INGENTING
Kommentar:			

Evt. 3.språk:.....

FLYTANDE	GODT	LITT	INGENTING
Kommentar:			

Kva språk kommuniserer familien på heime: .....

Har barnet gått i barnehage tidlegare? Eventuelt kor/for lenge: .....

**Kultur/religion**

Er det noko vedrørande familien sin kultur/religion som du vil barnehagen skal vite ( - mat, religiøse høgtider, med meir )?

.....  
 .....

**Helse**

Har barnet helseproblem som barnehagen bør vite om (Døme: allergi, syn og hørsel)?

.....  
 .....

Er det anna informasjon om barnet barnehagen bør vite om ( Døme: talevanskar, bakgrunn)?

.....  
 .....



**Interesser**

Kva likar barnet å gjera?

.....  
.....  
.....

**Utfordringar**

Er det noko anna barnehagen bør vita om barnet eller familiesituasjonen?

.....  
.....

**Informasjon**

Barnehagen og foreldra informerer kvarandre dagleg om aktuelle ting som gjeld barnet (Døme: sove dårleg, forkjøla, skal ha fri ).

.....  
.....

**Til stade under samtalen:**

.....	.....
.....	.....
.....	.....

.....	.....
-------	-------

Dato/stad

Namn pedagog som har hatt ansvar for samtalen

## The first meeting with guardians

This form concerns parents of children with Norwegian as a second language.

NOTE: Use an interpreter when required!

### Basic information about the child

Family name: ..... Date of birth: .....

Given name: ..... Country of Origin: .....

Girl: ... .. Boy: ... .. First language: .....

Address: ..... Citizenship: ..... ..

Postcode: ..... City: .....

Phone number: .....

Date of arrival : .....

### Family

Mothers name: ..... First language: ..... ..

Profession: ..... ..

Work place/ school in Norway: .....

Phone number: .....

Fathers name: ..... First language: .....

Profession: ..... ..

Workplace/ school in Norway: .....

Phone number: .....

### Siblings:

Name ..... Date of birth: .....

Name ..... Date of birth: .....

Name ..... Date of birth: .....

### The language of the child (The parents assessment about language development)

1. Language (first language): .....

Fluint	Good/high knowledge	Little knowledge	No knowledge
Comment:			

2. Language: .....

Fluint	Good/high knowledge	Little knowledge	No knowledge
Comment:			

3. Language: .....

Fluint	Good/high knowledge	Little knowledge	No knowledge
Comment:			

Which language is used at home? .....

Has your child attended kindergarten before? Where? For how long?: ..... ..

### Culture / Religion

Is there any practical aspect of the family`s culture or religion that you want the staff to be aware of? (food, religious holidays or celebrations etc.)

.....  
 .....

### Health

Does your child have any health issues that the kindergarten should know about (allergies, vision, hearing etc)

.....  
 .....

Is there any other information about your child the kindergarten should know about (speech difficulties, background etc)

.....  
 .....

### Interests

What are the child`s interests? What does he/she like to do?

.....  
.....  
.....

### Challenges

Is there anything else the kindergarten should know about the child or family situation?

.....  
.....

### Information

Kindergarten and parents inform each other daily about current things like: how the child sleeps, illness, if the child has a cold, if the child is not coming in kindergarten.

.....  
.....

Present during the meeting:

.....  
.....  
.....

.....

Date / City

.....

Name of the educator who has been responsible for the meeting